

# Aktørskildring for kommunal sektor

20 arkivskaparar frå  
perioden etter 1965

© Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS 2020

Interkommunalt arkiv i Hordaland  
Kalfarveien 82  
5022 Bergen  
[www.ikah.no](http://www.ikah.no)

Redaktør: Thea Henriette Skjåk Nielsen

Redaksjon: Theresa Rosell-Helland, Lars Fivelstad Smaaberg, Jørn Harald Grov, Sverre Fekjan, Linn Nodland, Elisabeth Rydland Eide, Einar Eide Skogseth, Erika Eidslott og Bengt Helland Eliassen.

Layout: Daniel González Expósito

Trykk: Allkopi NetPrint Bergen

ISBN: 978-82-92076-06-4

Prosjektet er finansiert av Arkivverket og Interkommunalt arkiv i Hordaland.

## Innhold

Forord	4
Kommunale skatteutval	5
Sosialstyret	6
Arbeidsmiljøutvalet	7
Likestillingsutvalet	8
Tilsetjingsutvalet	9
Administrasjonsutvalet	10
Hovudutval for helse og sosial	11
Hovudutval for undervisning	12
Hovudutval for kultur	13
Hovudutval for teknisk sektor	14
Kommunale næringsfond	15
Planutvalet (Plan- og bygningsutvalet)	16
Eldrerådet	17
Kontrollutvalet	18
Råd for personar med funksjonsnedsetjing	19
Utval for oppvekst, levekår, kultur og fritid	20
Klientutvalet	21
Sentralarkivet	22
Flyktningkontoret	23
Arbeids- og velferdsetaten (NAV)	24
Litteraturhensvisning	25



## Forord

I desember 2019 fekk IKA Hordaland tildelt utviklingsmidlar frå Arkivverket til eit prosjekt om å utarbeide standardiserte aktørskildringar for kommunal sektor. Prosjektet byggjer vidare på arbeidet til Liv Mykland og Kjell-Olav Masdalen som i boka *Administrasjonshistorie og arkivkunnskap* (1987) presenterer kommunalt arkiv-materialet frå perioden fram til 1965.

I dette heftet presenterer vi standardiserte skildringar av 20 arkivskaparar frå kommunal sektor. Utvalet er gjort blant dei større aktørane frå sentraladministrasjonen, helse- og sosialsektoren, kultursektoren, skulesektoren og teknisk sektor. I kartleggingsprosessen vart viktige endringar i etatsstrukturen i norske kommunar også vektlagt. Skildringane følgjer KAISA-prosjektets sju anbefalingar til aktørskildring og er eit supplement til arbeidet deira. Aktørane er vidare plasserte i ein tabell som svarer til KAISAs tabell for samfunns plassering.

Eit av formåla med prosjektet var å skape ei oversikt over kommunale arkivskaparar gjennom publisering av skildringane på Arkivportalen. Prosjektet har kartlagt kommunale aktørar og skildrar bakgrunn for oppretting, funksjon og kva for arkivseriar vi kan forvente å finne etter dei enkelte arkivskaparane. Skildringane viser også korleis kommunalt ansvar og oppgåver har endra seg over tid. Resultatet bidreg i sin heilskap til å lette framfinning for både tilsette og brukarar av arkiv.

Vi retter ein stor takk til Gudmund Valerhaug som har bidrege med gode tilbakemeldingar og innspel.

Vi håper arbeidet vårt vil vere til nytte og glede for alle brukarar av kommunale arkiv. God lesning!

Dette prosjektet har vore på intern høyring.

*Thea H.S. Nielsen*

Thea Henriette Skjåk Nielsen  
Bergen, 9. juli 2020

## Kommunale skatteutval

Dei kommunale skatteutvala var heimla i lov om betaling og innkreving av skatt av 21. november 1952 § 41 og 42. Ordninga avløyste skattelovene av 1882 og 1911 som gav herredsstyra rett til å ettergi ilignet skatt.<sup>1</sup>

Ordninga med dei kommunale skatteutvala vart endra i 2005 frå å vere obligatorisk for alle kommunar, til at det skulle vere eit skatteutval per likningskontor. Talet på skatteutval vart då redusert til 99.<sup>2</sup> Då Skattebetalingslova av 2005, som tredde i kraft 1. januar 2009, erstatta skattebetalingslova av 1952 vart talet vidare redusert til fem regionale skatteutval.<sup>3</sup> Med dette opphørde ordninga med kommunale skatteutval.<sup>4</sup>

Dei kommunale skatteutvala kunne treffe avgjersler i saker der det vart søkt om ettergiving av skatt på inntil 200 000 kroner. I andre tilfelle skulle dei gje ei innstilling før dei sende saken til skattefogden eller Skattedirektoratet.<sup>5</sup>

Skattebetalingslova av 1952 gjorde det obligatorisk å ha eit slikt utval, og slo fast at det skulle vere samansett av ein likningssjef, ein medlem vald av formannskapet og ein medlem vald av fylkesmannen.<sup>6</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

<sup>1</sup> Mykland og Masdalen (1987): s. 38.

<sup>2</sup> KommunalRapport (2005).

<sup>3</sup> KommunalRapport (2008).

<sup>4</sup> Skatteetaten (2008).

<sup>5</sup> O.nr. 130 (2004-2005).

<sup>6</sup> Mykland og Masdalen (1987): s. 38.

<b>Arkivskaparkategori</b>	Økonomiforvaltning
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Fagetatar
<b>Forvaltningsområde</b>	Finansar, økonomi, statistikk og folkeregister

## Sosialstyret

Sosialstyret vart oppretta med heimel i lov om sosial omsorg av 5. juni 1964. Lova påla alle kommunar å etablere eit sosialstyre og ein sosialadministrasjon. Sosialstyret erstatta det tidlegare fattig-/forsorgstyret og skulle sikre at føresegna i sosialomsorgslova vart følgd.<sup>7</sup>

Sosialstyret var i funksjon fram til midten av 1980-talet. Med endringar i nemndsstrukturen i norske kommunar, der talet på nemnder vart reduserte og erstatta av fem hovudutval, vart sosialstyret i stor grad erstatta av hovudutval for helse og sosial frå 1980 og utover.

Sosialstyret hadde sitt virke i den einskilde kommune, og fekk sitt politiske ansvar og oppgåver frå kommunestyret. Sosialstyret var ansvarleg for at barnevernsnemnda og edrskapsnemnda var i funksjon, og skulle ved eventuelle forsømingar gripe inn. Utover dette var både barnevernsnemnda og edrskapsnemnda sjølvstendige fagorgan som tok egne avgjerder.<sup>8</sup>

Etter § 7 i sosialomsorgslova skulle sosialstyret ha minst 5 medlemmar. Medlemmer og varamedlemmer, samt formann og nestformann skulle veljast av kommunestyret. Medlemmane var valt for den kommunale valperioden.<sup>9</sup>

Sosialstyret skulle sikre at innbyggjarane i kommunen fekk det sosiale vernet dei hadde krav på. Styret skulle samordne det sosiale arbeidet i kommunen, ha tilsyn med sosiale institusjonar og drive aktivt informasjonsarbeid om folks rettar og særskilde kommunale tilbod. Informasjonsplikta innebar også å gi opplysningar, råd og rettleiing til enkeltpersonar. Sosialstyret skulle vidare sørge for at formannskap og kommunestyre var oppdatert og informert om den sosiale situasjonen i kommunen.<sup>10</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

<sup>7</sup> Norske kommuners sentralforbund (1979): s. 11 og 33.

<sup>8</sup> Norske kommuners sentralforbund (1979): s. 17.

<sup>9</sup> Sosialdepartementet (1980): s. 41.

<sup>10</sup> Norske kommuners sentralforbund (1979): s. 11-12.

<b>Arkivskaparkategori</b>	Sosiale oppgåver
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Fagetatar
<b>Forvaltningsområde</b>	Helse og sosialsaker

## Arbeidsmiljøutvalet

Arbeidsmiljøutvalet vart oppretta med heimel i § 23 av lov om arbeidvern og arbeidsmiljø av 4. februar 1977. Arbeidsmiljølova var ei vidareføring av tidlegare arbeidsvernlover og skulle sikre at arbeidsmiljøet vart tatt vare på utover minstekravet. Det har sidan 1977 vore vedtatt ei rekke større og mindre endringar i lova som har bidratt til å styrke rettane til arbeidstakarane.<sup>11</sup>

Arbeidsmiljøutvalet erstatta dei tidlegare verneutvala, som var samansett av verneombod og representantar frå arbeidsgjevar.<sup>12</sup> Det er pålagt å ha arbeidsmiljøutval i verksemdar med minst 50 tilsette. Her skal arbeidsgjevar, bedriftshelsetenesta og arbeidstaker vere representert. Arbeidsmiljøutvalet er underlagt Arbeidstilsynet. I kommunen fungerer arbeidsmiljøutvalet som eit rådgjevande organ med ansvar for å sikre at arbeidsmiljølovgivinga blir overheldt.<sup>13</sup>

Arbeidsgjevar og arbeidstaker skal ha like mange representantar, og leiar for utvalet veljast vekselvis mellom representantar frå arbeidsgjever og arbeidstaker. Representantar frå bedriftshelsetenesta har ingen myndigheit til å ta avgjerdingar i utvalet. Arbeidsmiljøutvalet er ansvarleg for å sikre eit forsvarleg og trygt arbeidsmiljø i verksemda. Dette inneber å delta i planleggjing av verne- og miljøarbeidet, samt følgje opp spørsmål knytt til arbeidstakaranes tryggleik, helse og velferd. Utvalet skal behandle saker om bedriftshelseteneste og verneteneste, spørsmål om opplæring og opplysningsverksemd og helse- og velferdsmessige spørsmål relatert til arbeidstid. Arbeidsmiljøutvalet tar opp saker på eige initiativ eller på initiativ frå verneombudet.<sup>14</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

<sup>11</sup> Friberg(1983): s. 4, 10 og 23.

<sup>12</sup> Mykland og Masdalen, 1987: s. 201.

<sup>13</sup> Arbeidsmiljøloven (2005).

<sup>14</sup> *Ibid.*

Arkivskaparkategori	Sentraladministrasjon
Samfunnssektor	Kommune
Aktørtype	Forvaltningsorgan
Forvaltningsnivå	Fagetatar
Forvaltningsområde	Helse og sosialsaker



## Likestillingsutvalet

Likestillingsutvalets overordna heimel var likestillingslova. Lova frå 1978 forplikta det offentlege til å aktivt jobba for likestilling, med særleg sikte på å betra stillinga for kvinner.<sup>15</sup> I praksis ville dette seia at alle offentlege tilsette og leiarar i både stat, fylkeskommunar og kommunar hadde ansvar for likestillingsarbeidet innanfor sine felt. Likestillingsutval vart oppretta i kommunane for å forvalta likestillingsoppgåvene til kommunen overfor arbeidstakar, publikum og dei folkevalde.<sup>16</sup> Likestillingsutvalet er underordna kommunestyret/ formannskapet.

Frå 1982 gjaldt Forsynings- og administrasjonsdepartementet sine framlegg til retningslinjer. Likestillingsutvalet skal samansettast av medlemmer og varamedlemmer som blir valt av kommunestyret eller formannskapet. Etter reglar i fjerde legg i likestillingslova § 21 skal kommunane og fylkeskommunane senda inn rapportar til Likestillingsombudet om utval som har vorte oppnemnde eller valde.<sup>17</sup>

I eit sluttnotat om likestillingsarbeid i 1990-åra konkretiserte Tenkegruppen, beståande av Likestillingsrådet, Kommunenes Sentralforbund og Barne- og Familiedepartementet, kva likestillingsoppgåver kommunane hadde. Overfor arbeidstakarar vart spørsmål om likelønn og fleire kvinnelege leiarar vektlagt. Videre vart likestillingsfremjande arbeid i skulesektor, helse- og sosialsektor, kultursektor og teknisk sektor trekt fram.

Likestillingslova § 21 lovfesta minst 40% av begge kjønn i alle offentlege utval. Paragrafen kom i 1988, og tredje særleg i full kraft etter kommunevalet i 1991.

Kommunestyret vedtok rammene for utvalsverksemda. Ikkje alle kommunar har eigne likestillingsutval, i nokre kommunar blir dissa oppgåvene tatt vare på av andre instansar.<sup>18</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatprotokollar.

<sup>15</sup> Likestillingsloven (1978).

<sup>16</sup> Halsaa (1989).

<sup>17</sup> *Ibid.*

<sup>18</sup> NOU 1995: 15.

<b>Arkivskaperkategori</b>	Sentraladministrasjon
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Frittstående organ
<b>Forvaltningsområde</b>	Justis- og politisaker, rettspleie, forhold til andre forvaltningsområder

## Tilsetjingsutvalet

Tilsetjingsutvalets heimel var å følgja reglar i ein tilsetjingsprosess.<sup>19</sup> Dette vart knytt til Hovudavtalens § 13-3 som opnar for at kommunen skal kunne oppretta tilsetjingsutval. I dag blir dette dekt av Forvaltningslova.<sup>20</sup>

Utvala vart oppretta fast eller ved behov. Det saklege arbeidsområdet er tilsetjingsprosessar i dei enkelte kommunane. Dei sentrale oppgåvene er å sikra at det ikkje blir gjort formelle feil i tilsetjingsprosessar.

Tilsetjingsutvalet er underordna og blir ofte peikt ut av kommunestyret. Tilsetjingsutval består av etatssjef, rådmann og ein arbeidstakarrepresentant.

Arbeidstakarrepresentanten vel igjen representantar innanfor dei arbeidsområda utvalet skal dekkja, som til dømes skule, barnehage, helse og omsorg og sosialetaten.<sup>21</sup> I kommunar utan tilsetjingsutval, blir desse arbeidsoppgåvene normalt forvalta av Administrasjonsutvalet.

Tilsetjingsutvalet har som oppgåve å sikra at kandidatar ikkje blir forbigått eller diskriminert på bakgrunn av kjønn eller etnisitet under tilsetjingsprosessar, eller at det finst inhabilitet. Etter likestillingslova av 1978 fekk særleg kjønn og kjønnskvoltering relevans.<sup>22</sup> I tillegg skal utvalet sikra at eventuelle krav til kompetanse og utdanning bli dekt.

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatsprotokoller.

<sup>19</sup> Frydenberg (1995).

<sup>20</sup> Kommunesektorens organisasjon (2020).

<sup>21</sup> Austevoll kommune (notat til møte 06.01.1993).

<sup>22</sup> Halsaa (1989).

<b>Arkivskaparkategori</b>	Sentraladministrasjon
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Sentrale organ
<b>Forvaltningsområde</b>	Sentral myndighet

## Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet vart oppretta med heimel i § 25 i kommunelova av 12. november 1954<sup>23</sup>, og var eit resultat av KS si evaluering av nemndstrukturen i norske kommunar frå 1977. Evalueringa førte til at talet på nemnder i kommunane vart redusert og erstatta av fem utval som spegla hovudområda for kommunal sektor: administrasjon, undervisning, helse og sosial, kultur og teknisk sektor.<sup>24</sup> For å avlaste formannskapet, og som eit resultat av at kommunane i større grad engasjerte seg i personalspørsmål, hadde dei fleste kommunar oppretta eigne administrasjonsutval på eit tidlegare tidspunkt, men då som ei frivillig ordning.<sup>25</sup> Administrasjonsutvalet var hovudutval for kommunen si interne administrasjon og er underordna kommunestyret. Utvalet fatta vedtak innanfor rammene til budsjettet og etter dei retningslinjer som var fastsett i lov, i medhald av lov eller vedtatt av formannskap og kommunestyre. Utvalet skulle bestå av minst sju medlemmer kor fem var valt av kommunestyret og to av og mellom arbeidstakarorganisasjonane etter høvetalsprinsippet.<sup>26</sup>

Kommunelova av 1992 stadfesta at administrasjonsutval kunne erstattast med andre ordningar dersom forslaget fekk tilslutning frå minst  $\frac{3}{4}$  av dei tilsette. I motsetning til tidlegare reglement for administrasjonsutval fastslo ikkje lova talet på medlemmar, men opprettheldt kravet om at fleirtalet av representantane skulle vere frå kommunen. Utover det som vart stadfesta i § 25 gjaldt dei same føresegna for administrasjonsutvalet som andre faste utval jf. § 10.<sup>27</sup>

Administrasjonsutvalet sitt arbeid har vore knytte til arbeidsgjevarfunksjonen til kommunen. Utvalet behandlar saker om tilsetjing, endring av stillingar og søknader om permisjon. Administrasjonsutvalet har vidare hatt ansvar for å vedta retningslinjer og instruksar for tilsetjing og rekruttering og for å utarbeide personalpolitiske retningslinjer for reglement, rutinar og instruksar.

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatprotokoller.

<sup>23</sup> Norske kommuners sentralforbund (1983): s. 19.

<sup>24</sup> Stigen (2018).

<sup>25</sup> NOU 1974: 60: s. 41.

<sup>26</sup> Norske kommuners sentralforbund (1987): s. 40-41.

<sup>27</sup> Kommuneloven (1992) § 10 og § 25.

<b>Arkivskaperkategori</b>	Sentraladministrasjon
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Sentrale organ
<b>Forvaltningsområde</b>	Sentral myndighet

## Hovudutval for helse og sosial

Hovudutval for helse og sosial vart oppretta med heimel i § 25 av kommunelova av 12. november 1954, og var eit resultat av KS si evaluering av nemndstrukturen i norske kommunar frå 1977. Evalueringa førte til at talet på nemnder i kommunane vart reduserte og erstatta av fem utval som spegla hovudområda for kommunal sektor: administrasjon, undervisning, helse og sosial, kultur og teknisk sektor.<sup>28</sup>

Hovudutvala for helse og sosial vart etablert frå tidleg 1980-talet og skulle styre og samordne arbeidet i helse- og sosialsektoren. Utvalet var underlagt kommunestyret/formannskapet og overtok dei oppgåvene som normalt hadde falle til sosialstyret.<sup>29</sup> Utvalet vart igjen erstatta av nye utval og komitéer etter at kommunelova av 1992 opna opp for ei friare organisering av politiske organ i kommunane.<sup>30</sup>

Hovudutval for helse og sosial besto av medlemmar med varamedlemmar, som vart valt av kommunestyret for den kommunale valperioden. Antall medlemmar og varamedlemmar varierte mellom kommunane.<sup>31</sup>

Hovudutval for helse og sosial sine oppgåver omfatta mellom anna førebyggjande sosialarbeid, familievern, barnevern, eldreomsorg, omsorg for funksjonshemma, edruskap og barnehagar.<sup>32</sup> Utvalet hadde ansvar for å sørge for ein planmessig og økonomisk organisering av sektoren, delegere myndigheit om avgjerder til administrasjonen, samt føre kontroll med at vedtak vart sett i verk. Viss ikkje anna var bestemt fungerte utvalet som styre for helse- og sosialinstitusjonar. Utvalet skulle vidare sørge for ei samordning og eit samarbeid med andre offentlege og private verksemdar og enkeltpersonar med tilsvarande oppgåver. Ved saker som gjaldt oppretting, endring og inndraging av stillingar hadde utvalet uttaleserett.<sup>33</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatprotokollar.

<sup>28</sup> Stigen(2018).

<sup>29</sup> Norske kommuners sentralforbund(1987): s. 19-20.

<sup>30</sup> Kommuneloven(1992).

<sup>31</sup> Norske kommuners sentralforbund(1987): s. 19.

<sup>32</sup> Norske kommuners sentralforbund(1980): s. 42.

<sup>33</sup> Norske kommuners sentralforbund(1987): s. 19-20.

<b>Arkivskaparkategori</b>	Sosial oppgåver
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Fagetatar
<b>Forvaltningsområde</b>	Helse og sosialsaker

## Hovudutval for undervisning

Hovudutval for undervisning vart oppretta med heimel i § 25 av kommunelova av 12. november 1954, og var eit resultat av KS si evaluering av nemndstrukturen i norske kommunar frå 1977. Evalueringa førte til at talet på nemnder i kommunane vart reduserte og erstatta av fem utval som spegla hovudområda for kommunal sektor: administrasjon, undervisning, helse og sosial, kultur og teknisk sektor.<sup>34</sup>

Hovudutval for undervisning var i funksjon frå tidleg 1980-talet og overtok oppgåvene til skulestyret. Utvalet var underordna kommunestyret/formannskapet, som vedtok reglar for val og samansetning, oppgåver, myndigheit og reglar for møteverksemd.<sup>35</sup> Hovudutval for undervisning vart i stor grad erstatta av nye utval og komitéar etter at kommunelova av 1992 opna for ei friare organisering av politiske organ i kommunane.<sup>36</sup>

I samsvar med grunnskulelova § 26 nr. 3 skulle utvalet ha minst 7 og maksimalt 35 medlemmer.<sup>37</sup> Medlemmene vart valt av kommunestyret for den kommunale valperioden.<sup>38</sup>

Hovudutval for undervisning sine oppgåver var å arbeide med alle dei undervisningsspørsmåla kommunen skulle handsame. Dette gjaldt forvaltning av midlar, tilsetjingar, skiping av komitéar og nemnder, planarbeid og vaksenopplæring. I mange kommunar hadde hovudutval for undervisning ansvaret for arbeidet med musikkskular, fritidsheimar og barnehagar. Hovudutvalet kunne gje uttale i alle saker som vedgjekk sektoren.<sup>39</sup> Det fungerte som styre for undervisningsinstitusjonar, dersom ikkje anna var fastsett og skulle vere kommunen sitt samarbeidsorgan med offentlege og private organ med liknande arbeidsoppgåver. Hovudutvalet førte kontroll med at vedtak vart gjennomførte og utarbeidde årsmeldingar.<sup>40</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatprotokollar.

<sup>34</sup> Stigen(2018).

<sup>35</sup> Norske kommuners sentralforbund, Håndbok–Hovedutvalg for undervisning (1987): s. 23.

<sup>36</sup> Kommuneloven (1992).

<sup>37</sup> Norske kommuners sentralforbund (1980): s. 51.

<sup>38</sup> Norske kommuners sentralforbund, Normalreglement for hovedutvalg i kommunene (1987): s. 29.

<sup>39</sup> Norske kommuners sentralforbund, Normalreglement for hovedutvalg i kommunene (1987): s. 30.

<sup>40</sup> *Ibid.*

<b>Arkivskaparkategori</b>	Undervisning
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Fagetatar
<b>Forvaltningsområde</b>	Kyrkje, kultur, utdanning og forskning

## Hovudutval for kultur

Hovudutval for kultur vart oppretta med heimel i § 25 av kommunelova av 12. november 1954, og var eit resultat av KS si evaluering av nemndstrukturen i norske kommunar frå 1977. Evalueringa førte til at talet på nemnder i kommunane vart reduserte og erstatta av fem utval som spegla hovudområda for kommunal sektor: administrasjon, undervisning, helse og sosial, kultur og teknisk sektor.<sup>41</sup>

Hovudutval for kultur var i funksjon frå tidleg 1980-talet og overtok dei oppgåvane som normalt hadde tilhøyrt kulturstyret. Utvalet hadde dei kulturspørsmål kommunen skulle behandle som sitt ansvarsområde og var underordna kommunestyret/formannskapet som vedtok reglement og oppgåver for utvalet.<sup>42</sup> Da kommunelova av 1992 tredde i kraft vart hovudutvalene i stor grad erstatta av nye utval sidan lova opna opp for ei friare organisering av politiske organ i kommunane.<sup>43</sup>

Hovudutval for kultur besto av medlemmer med varamedlemmer, som vart valt av og fortrinnsvis frå kommunestyret for den kommunale valperioden. Ein av medlemmene måtte og vere valt inn i formannskapet. Talet på medlemmer og varamedlemmer varierte mellom kommunane.<sup>44</sup>

Hovudutvalet for kultur sine oppgåver omfatta budsjettarbeid, kulturplanarbeid og kontroll av tilskotsmidlar. Hovudutvalet hadde og ansvar for å leggje til rette for samordning og samarbeid med offentlege og private kulturorgan og enkeltpersonar, samt drive informasjons- og rådgjevingsarbeid for kulturorganisasjonar og enkeltpersonar i kommunen.<sup>45</sup> Hovudutvalet fungerte også som styre for kulturinstitusjonar, med mindre anna ikkje var bestemt.<sup>46</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatprotokollar.

<sup>41</sup> Stigen(2018).

<sup>42</sup> Norske kommuners sentralforbund(1980): s. 15.

<sup>43</sup> Kommuneloven(1992).

<sup>44</sup> Norske kommuners sentralforbund(1980): s. 15.

<sup>45</sup> Norske kommuners sentralforbund(1987): s. 37.

<sup>46</sup> Norske kommuners sentralforbund(1980): s. 16.

<b>Arkivskaparkategori</b>	Kultur
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Fagetater
<b>Forvaltningsområde</b>	Kyrkje, kultur, utdanning og forskning

## Hovudutval for teknisk sektor

Hovudutval for teknisk sektor vart oppretta med heimmel i § 25 av kommunelova av 12. november 1954, og var eit resultat av KS si evaluering av nemndstrukturen i norske kommunar frå 1977. Evalueringa førte til at talet på nemnder i kommunane vart reduserte og erstatta av fem utval som spegla hovudområda for kommunal sektor: administrasjon, undervisning, helse og sosial, kultur og teknisk sektor.<sup>47</sup>

Hovudutval for teknisk sektor var i funksjon frå tidleg 1980-talet og overtok dei oppgåvene som normalt hadde falle til teknisk styre. Utvalet var underordna kommunestyret som hadde den politiske leirollen og det overordna ansvaret for planlegging.<sup>48</sup> Hovudutval for teknisk sektor vart i stor grad erstatta av nye utval og komitéar etter at kommunelova av 1992 opna for ei friare organisering av politiske organ i kommunane.<sup>49</sup>

Medlemmane i hovudutvalet var valt av kommunestyret for den kommunale valperioden. Det var ikkje lagt føringer på kor mange medlemmar utvalet skulle ha. Kommunestyret valde leiar og nestleiar.<sup>50</sup>

Hovudutval for teknisk sektor var det samordna organet for tekniske spørsmål i kommunen og tok for seg kommunaltekniske saker i form av samferdsel, bustadutbygging, energispørsmål, drifts- og vedlikehaldsoppgåver og beredskapsoppgåver. Viss ikkje anna var bestemt fungerte hovudutvalet som bygningsråd, brannstyre og husnemnd i kommunen.<sup>51</sup> Utvalet hadde ansvaret for ei planfast, rasjonell og økonomisk organisering og drift av sektoren. I saker som gjaldt skipping av faste underutval, tilsetjingar og avsetjingar og samarbeid med nabokommunar og fylkeskommunen hadde utvalet uttalerett.<sup>52</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatprotokollar.

<sup>47</sup> Stigen(2018).

<sup>48</sup> Norske kommuners sentralforbund(1987): s. 37.

<sup>49</sup> Kommuneloven(1992).

<sup>50</sup> Norske kommuners sentralforbund, Normalreglement for hovedutvalg i kommunene(1987): s. 24.

<sup>51</sup> Norske kommuners sentralforbund,(1987): s. 37-39.

<sup>52</sup> Norske kommuners sentralforbund, Normalreglement for hovedutvalg i kommunene(1987): s. 24-25.

<b>Arkivskaparkategori</b>	Tekniske administrasjonar
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Fagetater
<b>Forvaltningsområde</b>	Næringsliv, kommunikasjon, ressurs og miljøforvaltning, tekniske oppgåver

## Kommunale næringsfond

Kommunale næringsfond er ei kommunal finansieringsordning med heimel i Stortingets budsjettvedtak, og er med på å forvalta og følgja opp kap. 550.64, kap. 553.60 og kap. 553.65. Desse midla blir òg forvalta av fylkeskommunane.

I 1984 presenterte Bygdeutvalet eit forslag til ei prøveordning med kommunale næringsfond gjennom NOU 1984-21A- «Statleg støtte til distrikta».<sup>53</sup> Om lag 20 kommunar var med på denne ordninga. Likevel hadde mange kommunar, særleg kraftkommunar, oppretta slike fond mange år tidlegare. Frå og med 1987 vart kommunale næringsfond eit fast punkt på budsjettet til kommunaldepartementet. I 1991 vart dei integrerte som ein del av distriktspolitiske verkemiddelapparat, som t.d. saman med dei fylkeskommunale Bygdeutviklingsfondane (BU-fonda). Fram til 1994 var kommunane sine aktivitetar og engasjement med næringsutvikling formelt frivillig, men med nokre føringar og krav frå høgare forvaltningsnivå. Frå og med 1. januar 1994 var kommunane til næringspolitiske aktørar med lovpålagt delegert myndigheit til å ta hand om arbeidet, og rett til å vera næringspolitiske aktørar.<sup>54</sup>

Næringsfonda har som formål å styrka nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i kommunar som ligg innanfor det distriktspolitiske verkeområdet definert av Kommunal- og regionaldepartementet.<sup>55</sup> Dei kommunale næringsfonda er underordna kommunestyret.

Midla i dei kommunale næringsfonda skal ifølgje kapittel 1, § 1 «bidra til omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta». Det inneber mellom anna at kommunane skal leggja til rette for, og utvikla kommunalt næringsliv. Kommunane skal fordela tilskot slik at det bidrar til å inkludera tilflyttarar og styrka sårbare næringsmiljø. Tilskota skal òg bidra til å etablere nye arbeidsplassar i kommunar som opplever vesentleg reduksjon i sysselsetjinga.<sup>56</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker, referatprotokollar, forhandlingsprotokollar, brevkopiar og saksarkiv.

<sup>53</sup> NOU 1984: 21-A: Statlig næringsstøtte i distriktene.

<sup>54</sup> Teigen: s. 35.

<sup>55</sup> Kommunal- og regionaldepartementet (2012): s. 6-7.

<sup>56</sup> Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidler.

<b>Arkivskaparkategori</b>	Nærings- og ressursforvaltning
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Fagetatar
<b>Forvaltningsområde</b>	Næringsliv, kommunikasjon, ressurs og miljøforvaltning, tekniske oppgåver



## Planutvalet (Plan- og bygningsutvalet)

Planutvalet vart oppretta med heimel i plan- og bygningslova av 1985.<sup>57</sup> Lova vart endra 11. juni 1993 i høve den nye kommunelova. Endringane omhandla hovudsakleg organisatoriske føresegner, sakshandsamingsreglar og statlege godkjenings- og kontrollføresegner. Etter § 9-2 vart det avgjort at kommunen skal ha eit fast utval for plansaker.

Føremålet med den gjeldande plan- og bygningslova (2008) er å fremje berekraftig utvikling, samordne offentlege oppgåver, trygge at byggetiltak vert utført i samsvar med lova og at sakshandsaminga vert forsvarleg utført.<sup>58</sup>

Kommunestyret vel representantar til planutvalet, som skal ha minst tre medlemmar med varamedlemmar. Utvalet vel sjølv nestleiar og leiar. Utvalet kan ofte gje leiar eller eit arbeidsutval mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller saker som ikkje har prinsipiell tyding.

Planutvalet arbeider med planlegging av arealbruken i kommunen. Desse planane er bindande for nye tiltak, og skal innehalde arealføremål som landbruk, busetnad og friluftsliv. Reguleringsplanar skal utformast der lova pålegg det, eller der det går fram av arealplanen. Desse vert utarbeida som områderegulering (jf. § 12-2) eller detaljregulering (jf. § 12-3). Planutvalet handsamar saker som vedkjem innløyning, erstatning, ekspropriasjon, utbyggingsavtaler og saker som vedkjem veg, vatn og avlaup. I mange kommunar er også byggesakshandsaminga lagt til Planutvalet, og skal fylgje byggesaksføresegnene av 2010.<sup>59</sup> Som fylgje av endringane i 1993 vart føresegner om bygging, deling og refusjon ikkje lenger lagt til bygningsrådet.

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

<sup>57</sup> Plan- og bygningslov(1985).

<sup>58</sup> Plan- og bygningsloven(2008).

<sup>59</sup> Byggesaksforskriften(2010).

<b>Arkivskaparkategori</b>	Bygnings-, nærings-, og oppmålingsvesen
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Fagetatar
<b>Forvaltningsområde</b>	Næringsliv, kommunikasjon, ressurs og miljøforvaltning, tekniske oppgåver

## Eldrerådet

Med ny lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd av 8. november 1991 vart kommunane pliktige ved lov til å ha eit eige eldreråd. Norsk pensjonistforbund og Landsorganisasjonen i Noreg hadde arbeidd for lovpålagte eldreråd i kommunane og fylkeskommunane sidan 1978. I 1987 kom Sosialdepartementet med nye retningslinjer for eldreråd i kommunane der det vart tilrådd at kvar kommune skulle ha sitt eige eldreråd. Fram til 1991 måtte forslag om eldreråd bli fremma og vedteke i kommunestyret.<sup>60</sup>

Bakgrunnen for den nye lova var den låge representasjonen av eldre i kommunane. Samstundes som at eldre over 70 år utgjorde 20% av dei stemmeføre i landet, vart det i kommunestyra berre 0,7% av medlemmane som var eldre enn 70 år. Etableringa av eldreråd ville bidra til å sikra ein brei, open og tilgjengeleg medverknad i saker som gjaldt eldre.<sup>61</sup>

Medlemmane av eldrerådet blir valde av kommunestyret, og blir valt for den kommunale valperioden. Kommunestyret avgjer òg kor mange medlammer eldrerådet skal ha, men eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar. Fleirtalet av eldrerådet skal vera pensjonistar.<sup>62</sup>

Rådet skal fungera som eit rådgivande organ for kommunen, og har dei saker som gjeld levekår for eldre som arbeidsområdet sitt. Under dette fell mellom anna budsjett og kommuneplanar, tiltak og planar for helse- og sosialsektoren, samferdsel og kommunikasjon, og kulturelle tiltak for eldre. Rådet skal kunna uttala seg om alle framlegg som gjeld eldre før kommunestyret tar stilling til framlegget. Rådet kan òg sjølv ta opp saker som rører eldre i kommunen.<sup>63</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatprotokollar.

<sup>60</sup> Ot.prp. nr. 68 (1990-1991).

<sup>61</sup> *Ibid.*

<sup>62</sup> Regjeringa (09.09.2019).

<sup>63</sup> Regjeringa (06.09.2019), Hvordan eldreråd arbeider og Regjeringa (06.09.2019), Hva er eldreråd?

<b>Arkivskaparkategori</b>	Sosiale oppgåver
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Fagetatar
<b>Forvaltningsområde</b>	Helse og sosialsaker

## Kontrollutvalet

Kontrollutvalet vart oppretta med heimel i § 77 av kommunlova av 1992. Lova satte krav til at kommunestyret skulle velje eit kontrollutval for å «forestå det løpende tilsyn med den kommunale og fylkeskommunale forvaltning». Kontrollutvalet var underlagt kommunestyret.

Tidlegare var det formannskapet som hadde ansvar for tilsyn- og kontroll i kommunane.<sup>64</sup> Då kontrollutval vart oppretta skulle kontrollen vere mest mogleg uavhengig av politisk leiing. Det vart derfor stilt krav om at medlemane ikkje skulle ha bindingar til politisk leiing eller til administrasjonen. I forskrift om kontrollutval og revisjon frå 2004 vart det likevel krav om at minst ein av medlemane i utvalet skulle vere kommunestyremedlem.<sup>65</sup>

I kommuneloven frå 2018 er det òg krav om at det skal vere minst fem medlemar i utvalet og at leiaren ikkje kan vere medlem av same parti eller gruppe som ordføraren, jf. § 23-1. I forskrifta frå 2004 vart det i tillegg krav om at kommuneadministrasjonen, eller dei som gjer revisjonsoppgåver for kommunen, ikkje kunne vere sekretariat for utvalet.<sup>66</sup> Då lova vart innført kunne til dømes kommunerevisjonen vere sekretariat for utvalet.<sup>67</sup> Kontrollutvalet skal kontrollere revisjonen av kommunerekneskapane og at økonomiforvaltninga følgjer gjeldande reglar. Det skal òg syte for forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Oppgåvene inneber òg å føre «eierskapskontroll» med dei som «utøver kommunens eierinteresser jf. § 23-4. Kontrollutvalet skal lage ein plan for kvar det er størst trong for forvaltningsrevisjon og kontroll av eigarskapen.<sup>68</sup> Utvalet skal disponere eit sekretariat til arbeidet, som mellom anna skal gjere sakshandsaming, setje i verk vedtak og ta hand om arkivering.<sup>69</sup> Sekretariatsfunksjonen er i eit stort fleirtal av kommunane organisert gjennom interkommunale selskap (IKS).<sup>70</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og saksarkiv.

<sup>64</sup> Osterøy formannskap(1992)Skriv om konsekvensene av innføring av ny kommunelov i 1992: s. 3-4.

<sup>65</sup> Forskrift om kontrollutvalg i kommuner/fylkes. (2004) § 2.

<sup>66</sup> Forskrift om kontrollutvalg i kommuner/fylkes. (2004) § 20.

<sup>67</sup> Osterøy formannskap(1992)Skriv om konsekvensene av innføring av ny kommunelov i 1992: s. 4.

<sup>68</sup> Kommuneloven (2018) § 23-2, § 23-3 og § 23-4.

<sup>69</sup> Kommuneloven (2018) § 23-7 og Deloitte (2014): s. 165-166.

<sup>70</sup> Deloitte (2014): s. 165.

<b>Arkivskaparkategori</b>	Sentraladministrasjon
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Frittstående organ
<b>Forvaltningsområde</b>	Justis- og politisaker, rettspleie, forhold til andre forvaltningsorgan

## Råd for personar med funksjonsnedsetjing

Råd for personar med funksjonsnedsetjing vart oppretta med heimel i kommunelova § 5-12. Lova seier at kommunestyret og fylkestinget sjølv skal velja rådet, som har rett til å uttala seg i saker som høvesvis gjeld eldre, personar med funksjonsnedsetjing og ungdom. Departementet gir forskrifter om oppgåver, organisering og saksbehandling for råda.<sup>71</sup>

Rådet er eit lovpålagt, rådgivande organ i kommunar og fylkeskommunar. Rådet har som oppgåve å gi innspel i saker som gjeld levekåra til personar med funksjonsnedsetjing, og er del av desse sakene før politikarane fattar dei endelege vedtaka sine. Tilrådingane i rådet vil vera ein sentral del av avgjerdsgrunnlaget.<sup>72</sup>

Råd for personar med funksjonsnedsetjing arbeider for å styrka innverknaden til personar med funksjonsnedsetjing og deltaking på alle samfunnsområde.<sup>73</sup> Som rådgivande organ vil rådet hovudsakleg jobba med saker på eit overordna nivå som til dømes med budsjett og kommuneplanar. Dette kan vera saker knytt til eit sjølvstendig liv på område som barnehage, skule, arbeid, helse- og omsorgstenester, transport, kultur og fritid.<sup>74</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

<sup>71</sup> Regjeringen.no (03.03.2020).

<sup>72</sup> Asker kommune (28.01.2020).

<sup>73</sup> Bergen kommune.

<sup>74</sup> Regjeringen (12.04.2000).

<b>Arkivskaparkategori</b>	Sosiale oppgåver
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Fagetatar
<b>Forvaltningsområde</b>	Helse og sosialsaker

## Utval for oppvekst, levekår, kultur og fritid

Utval for oppvekst, levekår, kultur og fritid vart fastsett med heimel i kommunelova av 25. september 1992 § 10 nr 2 og § 39. Lova vart endra i 2018, med mindre konsekvensar for utval og nemnder.<sup>75</sup> Likevel heldt mange kommunar på den gamle ordninga med hovudutval med eigne mynde også etter kommunelova i 1992.<sup>76</sup>

Utvalet kan ha det politiske ansvaret for kommunen sitt arbeid med barnehagar, undervisning, barnevern, andre tiltak for barn og unge, helsetenester, pleie- og omsorgstenester, sosialtenester og edruskapsvern, individretta kulturtiltak, idrett og andre fritidstiltak. Utvalet kan også ha andre ansvarsområde. Det skal i tillegg ta omsyn til moglege miljøkonsekvensar i alle saker innanfor sitt ansvarsområde. I saker utvalet ikkje har vedtaksmynde, skal det gje tilråding til kommunestyret.<sup>77</sup>

Etter kommunelova kan slike utval opprettast etter behov i dei einskilde kommunane, og både ansvarsområde og namn kan difor variere. Alle medlemmar av utval for oppvekst, levekår, kultur og fritid veljast direkte av kommunestyret, og eit slikt utval må han minst tre medlemmar.<sup>78</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

<sup>75</sup> Kommuneloven (2018).

<sup>76</sup> Ullensvang formannskap. Reglement for oppvekst- og levekårsutvalet, vedtatt av heradsstyret i Ullensvang den 26.06.95, sak 52/95.

<sup>77</sup> *Ibid.*

<sup>78</sup> Kommuneloven (2018).

<b>Arkivskaparkategori</b>	Oppvekst og levekår
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Fagetatar
<b>Forvaltningsområde</b>	Kyrkje, kultur, utdanning og forskning, helse og sosialsaker

## Klientutvalet

Klientutvalet vart etablert med heimel i barnevernslova av 01. januar 1993. Frå då av fanst det unntaksavgjerder om klientutval i kommunehelsetenestelova, sosialtenestelova § 4 tredje ledd, barnevernslova og arbeids- og velferdsforvaltingsloven (NAV-lova). Unntaka i dei to førstnemnde lovene vart oppheva med ikraftsetjinga av helse- og omsorgstenestelova 01. januar 2012. Frå 2012 var det berre barnevernslova og NAV-lova som styrte ordninga med klientutval.<sup>79</sup>

Verkeområdet gjeld for alle born med vanleg bustad i Noreg. Kongen kan gi forskrifter for Svalbard. Klientutvala skal, gjennom barnevernslova, «sikra at born og unge som lever under forhold som kan skada helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp, omsorg og vern til rett tid. Lova skal bidra til at born og unge møtest med tryggleik, kjærleik og forståing og at alle barn og unge får gode og trygga oppvekstvilkår».<sup>80</sup> Klientutvalet er underordna dei kommunale barnevernstenestene.<sup>81</sup>

Klientutvalet er eit folkevalt organ på kommunalt forvaltingsnivå.<sup>82</sup> I følgje barnevernslova § 2-1 tredje ledd kan kommunestyret avgjera om dei skal leggja oppgåvene til eit slikt organ. I behandling av klientsaker må utvalet ha minst fem medlemmer.

Gjennom gjeldande lovverk er det ikkje klargjort kva for nokre konkrete oppgåver som skal tilleggas klientutvala.<sup>83</sup> Likevel finst det nokre føringar i lova. Kommunane har, i motsetnad til fylkeskommunane, ansvar for å verna born og ungdom som ikkje er i institusjon. Klientsaker bør vera ei administrativ oppgåve, og fell difor under kommunestyret. Kommunestyret må i slike tilfelle ta stilling til kva saker som er viktige nok til at dei bør bli gitt til behandling av eit folkevalt organ, i denne samanhengen klientutval.<sup>84</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

<sup>79</sup> NOU 2016: 16.

<sup>80</sup> Barnevernloven (1992).

<sup>81</sup> NOU 2016: 16.

<sup>82</sup> *Ibid.*

<sup>83</sup> Ot.ptp. nr. 95 (2005-2006).

<sup>84</sup> Ot.ptp. nr. 44 (1991-1992); s. 20-21.

<b>Arkivskaperkategori</b>	Sosiale oppgaver
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Fagetater
<b>Forvaltningsområde</b>	Helse og sosialsaker

## Sentralarkivet

Sentralarkivet kan skildre arkivtenesta i ein kommune, eller eit felles saksarkiv for fleire av kommunen sine arkivskaparar. Organiseringa av arkivtenesta går fram av arkivføresegna av 11. desember 1998, jf. § 2-1: «arkivarbeidet i eit offentleg organ skal som hovudregel utførast av ei eiga eining, ei arkivteneste, under dagleg leiing av ein arkivansvarleg. Arkivtenesta skal vere felles for organet» og «inngåande post skal leverast til arkivtjenesta» jf. § 3-1.<sup>85</sup>

Jamfør §2-4 skal «Daglegarkivet vere sentralisert så langt dette er praktisk tenleg». Forskrifta førte også krav om standardisering av den elektroniske journalføringa og arkivsystemet, ved at «offentlege organ normalt (skal) nytte eit arkivsystem som følgjer krava i Noark-standarden», jf. § 2-9. Det vart også stilt krav til at offentlege organ skulle ha ein arkivplan (jf. §2-2) som skulle omfatte instruksar, reglar og planar for arkivarbeidet.<sup>86</sup>

Sentralarkivet er ikkje sjølv ein arkivskapar, men har ofte oppgåver som drifrar daglegarkivet i ein kommune. Det omfattar mellom anna postmottak, journalføring, oppfølging av saker og arkivering, detaljert beskrevet i arkivforskriften i § 3-1 – 3-8.

Ordninga med Sentralarkiv var etablert i nokre kommunar fleire år før føresegna vart gjort gjeldande.<sup>87</sup> Kommunane fekk sin egen arkivstandard, KOARK, som seinare vart slått saman med den statlege NOARK 4.<sup>88</sup> Innføringa av K-kodesystemet frå 1992 la også opp til eit system som svarte til NOARK-standarden.<sup>89</sup> Arkivplanarbeid, som også standardiserte rutiner og arbeid for arkivtenesta, gjekk også føre seg på denne tiden.<sup>90</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel kopibøker og saksarkiv.

<sup>85</sup> Forskrift om offentlege arkiv (1998).

<sup>86</sup> *Ibid.*

<sup>87</sup> Møteinnkalling 17.08.1994 fra Rådmannen i Osterøy kommune om innføring av felles saksarkiv og felles postmottak og Alvdal kommune (2008): 3.

<sup>88</sup> Fonnes (2008): s. 165.

<sup>89</sup> Interkommunalt arkiv i Hordaland (1991): s. 18.

<sup>90</sup> Interkommunalt arkiv i Hordaland (1993).

<b>Arkivskaperkategori</b>	Sentraladministrasjon
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Sentrale organ
<b>Forvaltningsområde</b>	Sentral myndighet

## Flyktningkontoret

Busetjing av flyktningar er ei frivillig oppgåve for kommunane, som sjølv vedtar kor mange dei ynskjer å busetje. Blir det gjort vedtak om busetjing forpliktar kommunane seg til å følgje føresegn i introduksjonslova av 01. september 2003.<sup>91</sup>

Føremålet med lova er å styrke nyankomne innvandrarak sine moglegheiter til å delta i yrkes- og samfunnslivet, og for økonomisk sjølvstende. Lova skal vidare legge til rette for at asylsøkarar raskt får kjennskap til norsk språk, kultur og samfunnsliv.<sup>92</sup>

Flyktningkontoret, også kalla flyktningtjenesten m.fl., er i nokre kommunar direkte knytt til NAV.<sup>93</sup> Oppgåvene og den interne organiseringa til flyktningkontoret er altså varierende. I nokre kommunar har busettingsansvaret blitt flytta over frå bustadkontoret til flyktningkontoret, mens i andre blir det samarbeidd på tvers av ulike einingar i kommunen.<sup>94</sup>

Blant flyktningkontoret sine oppgåver er å busette flyktningar med oppholdstilatelse og å gje norskopplæring til nyankomne. Desse oppgåvene blir utførte etter avtale med, og er finansiert gjennom, IMDi (Integrerings og Mangfaldsdirektoratet).<sup>95</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker, kopibøker, saksarkiv og klientmapper.

<sup>91</sup> Kommunesektorens organisasjon (2015).

<sup>92</sup> Introduksjonsloven (2020).

<sup>93</sup> UiT Norges arktiske universitet

<sup>94</sup> Thorshaug, Valenta og Berg (2009).

<sup>95</sup> Bodø kommune.

<b>Arkivskaparkategori</b>	Sosiale oppgåver
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Fagetatar
<b>Forvaltningsområde</b>	Helse og sosialsaker



## Arbeids- og velferdsetaten (NAV)

Arbeids- og velferdsetaten (NAV) vart etablert 1. juli 2006 med heimel i arbeids- og velferdsforvaltningslova. I Stortingsproposisjon nr. 46 (2004-2005) «Ny arbeids- og velferdsforvaltning» la Regjeringa Bondevik II fram forslag om at det skulle etablerast ein statleg Arbeids- og velferdsetat som ville overta arbeidsoppgåvene til Abreidsmarkedetaten (Aetat), trygdeetaten og den kommunale sosialtenesta. Forslaget vart behandla i mai 2005, og fekk brei tilslutning i Stortinget.<sup>96</sup>

Ideen om ein felles velferdsetat vart først lagt fram av sosialkomiteen for Stortinget i 2001. Som følgje av at for mange personar i yrkesaktiv alder stod heilt eller delvis utanfor arbeid, og at det ofte tok lang tid før aktive arbeidsretta tiltak vart sett inn, bad sosialkomiteen Stortinget om å greia ut moglegheita for ein felles velferdsetat. Omorganisering av dei statlege etatane skulle sørga for ein meir heilskapleg og effektiv forvaltning. Velferdstenestene skulle òg bli betre tilpassa behovet til den enkelte brukar.<sup>97</sup> Arbeids- og velferdsdirektoratet har ansvar for overordna styring, leiding og utvikling av NAV. NAV og kommunane har stor fridom til å sjølv velja organisering av forvaltninga.<sup>98</sup> Dette kjem av at NAV-kontorene vart oppretta gjennom avtale mellom Arbeids- og velferdsetaten og kommunane. Gjennom samarbeidet hadde NAV-kontorene handlingsfridom til å utarbeida løysingar som best gagnet lokale behov og utfordringar.<sup>99</sup>

Som etat forvaltar NAV ein tredel av statsbudsjettet gjennom diverse sosiale ytingar slik som dagpengar, arbeidsavklaringspengar, sjukepengar, pensjon, barnetrygd og kontantstøtte. Oppgåvene deira er å fremma overgang til arbeid samt sikre økonomisk og sosial tryggleik. Dette gjeld mellom anna ved arbeidsløyse, svangerskap, fødsel, aleneomsorg for barn, sjukdom og skade, uførheit, alderdom og dødsfall.<sup>100</sup>

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel klientarkiv, møtebøker og kopibøker.

<sup>96</sup> Regjeringa, Bakgrunnen for Nav-reformen.

<sup>97</sup> Sosial- og helsedepartement (2002-2002): s. 1-2.

<sup>98</sup> Regjeringa, Bakgrunnen for Nav-reformen.

<sup>99</sup> NAV (26.08.2013).

<sup>100</sup> Regjeringa, Arbeids- og velferdsetaten (NAV).

<b>Arkivskaparkategori</b>	Sosiale oppgåver
<b>Samfunnssektor</b>	Kommune
<b>Aktørtype</b>	Forvaltningsorgan
<b>Forvaltningsnivå</b>	Fagetatar
<b>Forvaltningsområde</b>	Helse og sosialsaker

## LITTERATURHENSVISNING

### Kjelder frå arkiv

Austevoll kommune. *Tilsetjingsutvalet/tilsetjingrådet*. IKAH/1244-057/A/Aa/L0001.

Osterøy kommune. *Formannskapet. Uordnet arkiv fra perioden 1992-1994*.

Ullensvang herad. *Formannskapet. Uordnet saksarkiv fra 1995*.

### Litteratur

Alvdal kommune (2008). *Arkivplan for Alvdal kommune*. Tilgjengelig fra: [docplayer.me/20932011-Arkivplan-alvdal-kommune-2008.html](https://docplayer.me/20932011-Arkivplan-alvdal-kommune-2008.html) (lest 14.07.2020).

Asker kommune (28.01.2020). «*Råd for personer med funksjonsnedsettelse*». Tilgjengelig fra: [www.aker.kommune.no/politikk/politisk-styring/rad-for-personer-med-funksjonsnedsettelse/](http://www.aker.kommune.no/politikk/politisk-styring/rad-for-personer-med-funksjonsnedsettelse/) (lest 13.03.2020).

Bergen kommune. *Kommunalt råd for funksjonshemmede*. Tilgjengelig fra: [www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/kommunalt-rad-for-funksjonshemmede](http://www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/kommunalt-rad-for-funksjonshemmede) (lest 12.03.2020).

Bodø kommune. *Flyktningkontoret*. Tilgjengelig fra: [bodo.kommune.no/flyktningkontoret/](http://bodo.kommune.no/flyktningkontoret/) (lest 04.06.2020).

Deloitte (2014). *Evaluering. Kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat*. Tilgjengelig fra: [www.regjeringen.no/no/dokumenter/evaluering-av-kontrollutvalg-og-kontrollutvalgssekretariat/id2358421/](http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/evaluering-av-kontrollutvalg-og-kontrollutvalgssekretariat/id2358421/)

Fonnes, Ivar (2008). *Arkivhåndboken*. Oslo: Kommuneforlaget.

Friberg, Odd (1983). *Arbeidsmiljøloven: Kommentarer til lov av 4. februar 1977 om arbeidsvern og arbeidsmiljølov m.v. med endringer ved lover av 3. juni 1977 nr. 52, 26. mai 1978 nr. 32, 13 juni 1980 nr. 37 og 39, 5. juni 1981 nr. 46, 26.mars 1982 nr. 5, 14. mai 1982 nr. 22, 11. juni 1982 nr. 52 og 17. desember 1982 nr. 91*. Oslo: Tanum-Norli.

Frydenberg, Bernt (1995). *Kommuneloven – førstehjelp for saksbehandlere*. Oslo: Kommuneforlaget.

Halsaa, Beatrice (1989). *Ingen heksekunst! Håndbok for kommunale Likestillingsutvalg*. Oslo: Kommuneforlaget.

Interkommunalt arkiv i Hordaland (1991). *Innføring av K-kodar i kommunen – Oppføringshefte*. Særnummer av Arkivjournalen, nr. 1/1991.

Interkommunalt arkiv i Hordaland (1993). *Kurs i arkivplanlegging*. Arkivjournalen nr. 2

- Kommunesektorens organisasjon (2020). *Kommunenes personalthåndbok*. Oslo: KF.
- Kommunesektorens organisasjon (18.11.2015). *Frivillig for kommunene å bosette flyktninger*. Tilgjengelig fra: [www.ks.no/fagomrader/innvandring-og-integrering/flyktninger/frivillig-for-kommunene-a-bosette-flyktninger/](http://www.ks.no/fagomrader/innvandring-og-integrering/flyktninger/frivillig-for-kommunene-a-bosette-flyktninger/)
- KommunalRapport (2005). *Småkommuner mister lokale skatteutvalg*. Tilgjengelig fra: [www.kommunal-rapport.no/administrasjon/smakommuner-mister-lokale-skatteutvalg/71699!/](http://www.kommunal-rapport.no/administrasjon/smakommuner-mister-lokale-skatteutvalg/71699!/)
- KommunalRapport (2008). *Skatteutvalg fjernet i stillhet*. Tilgjengelig fra: [www.kommunal-rapport.no/oekonomi/skatteutvalg-fjernet-i-stillhet/63504!/](http://www.kommunal-rapport.no/oekonomi/skatteutvalg-fjernet-i-stillhet/63504!/)
- Kommunal- og regionaldepartementet (2012). *Sammendragsrapport. Evaluering av kommunale og regionale næringsfond*. Tilgjengelig fra: [www.regjeringen.no/globalassets/upload/krd/rapporter/rapporter\\_2012/sammendragsrapport\\_evaluering\\_kom\\_fond.pdf](http://www.regjeringen.no/globalassets/upload/krd/rapporter/rapporter_2012/sammendragsrapport_evaluering_kom_fond.pdf)
- Mykland, Liv og Masdalen, Kjell-Olav (1987). *Administrasjonshistorie og arkivkunnskap: kommunene*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- NAV (26.08.2013). «*Organisering av NAV-kontoret*». Tilgjengelig fra: [www.nav.no/no/nav-og-samfunn/om-nav/fakta-om-nav/partnerskapet-i-nav/organisering-av-nav-kontoret](http://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/om-nav/fakta-om-nav/partnerskapet-i-nav/organisering-av-nav-kontoret) (lest 19.mai 2020)
- Norske kommuners sentralforbund (1979). *Håndbok. Sosialstyre*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Norske kommuners sentralforbund (1982). *Håndbok. Administrasjonsutvalg*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Norske kommuners sentralforbund (1987). *Håndbok. Hovedutvalg for teknisk sektor*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Norske kommuners sentralforbund (1987). *Håndbok – Hovedutvalg for kultur*. Oslo: Kommunalforlaget.
- Norske kommuners sentralforbund (1980). *Normalreglement for hovedutvalg i kommunene*. Oslo: Kommunalforlaget.
- Norske kommuners sentralforbund (1987). *Normalreglement for hovedutvalg i kommunene*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Norske kommuners sentralforbund (1987). *Håndbok – Hovedutvalg for undervisning*. Oslo: Kommunalforlaget.
- Norske kommuners sentralforbund (1980). *Ny nemndstruktur: temahefte til Håndbok – Kommunal virksomhet. En oppsummering av KT-rapport nr. 2/77, 2/78 og Normalreglement for hovedutvalg i kommunene*. Oslo: Kommuneforlaget.

- Norske kommuners sentralforbund (1980). *Revurdering av nemndstrukturen i kommunene – et diskusjonsgrunnlag*. NKS-rapport nr 2 1977. Oslo: Kommuneforlaget.
- Regjeringen (09.09.2019). «*Valg av eldreråd*». Tilgjengelig fra: [www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunalrett-og-kommunal-inndeling/veileder-for-eldrerad/valg-av-eldrerad/id2666686/](http://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunalrett-og-kommunal-inndeling/veileder-for-eldrerad/valg-av-eldrerad/id2666686/) (lest 20.mai 2020).
- Regjeringen (06.09.2019). «*Hvordan eldreråd arbeider*». Tilgjengelig fra: [www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunalrett-og-kommunal-inndeling/veileder-for-eldrerad/hvordan-radet-arbeider/id2666688/](http://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunalrett-og-kommunal-inndeling/veileder-for-eldrerad/hvordan-radet-arbeider/id2666688/) (lest 20.mai 2020).
- Regjeringen (06.09.2019). «*Hva er eldreråd?*». Tilgjengelig fra: [www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunalrett-og-kommunal-inndeling/veileder-for-eldrerad/hva-er-et-eldrerad/id2666685/](http://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunalrett-og-kommunal-inndeling/veileder-for-eldrerad/hva-er-et-eldrerad/id2666685/) (lest 20.mai 2020).
- Regjeringen. «*Bakgrunnen for Nav-reformen*». Tilgjengelig fra: [www.regjeringen.no/no/tema/pensjon-trygd-og-sosiale-tjenester/nav-reformen/Bakgrunnen-for-NAV-reformen/id606533/](http://www.regjeringen.no/no/tema/pensjon-trygd-og-sosiale-tjenester/nav-reformen/Bakgrunnen-for-NAV-reformen/id606533/) (lest 19.mai 2020).
- Regjeringen. «*Arbeids- og velferdsetaten (NAV)*». Tilgjengelig fra: [www.regjeringen.no/no/dep/asd/om-arbeids-og-sosialdepartementet/etatstyring/underliggende-etater/arbeids\\_og\\_velferdsetaten/id1511/](http://www.regjeringen.no/no/dep/asd/om-arbeids-og-sosialdepartementet/etatstyring/underliggende-etater/arbeids_og_velferdsetaten/id1511/) (lest 19.mai 2020).
- Regjeringen.no (03.03.2020). «*Råd for personer med nedsatt funksjonsevne*». Tilgjengelig fra: [www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Verktoy/lokaldemokrativeilederen/kommunen-og-innbyggerne/rad-for-personer-med-nedsatt-funksjonsevne/id2425376/](http://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Verktoy/lokaldemokrativeilederen/kommunen-og-innbyggerne/rad-for-personer-med-nedsatt-funksjonsevne/id2425376/) (lest 13.03.2020).
- Regjeringen.no (12.04.2000). «*Råd for funksjonshemmede*». Tilgjengelig fra: [www.regjeringen.no/no/dokumenter/i-0975-b-rad-for-funksjonshemmede/id87549/#hov2](http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/i-0975-b-rad-for-funksjonshemmede/id87549/#hov2) (lest 12.03.2020).
- Skatteetaten (2008). *Lemping av skatter og avgifter av hensyn til skyldneren*. Tilgjengelig fra: [www.skatteetaten.no/contentassets/ae39b0e1cb474b9bbd703cef27233289/081219\\_rev\\_av\\_melding\\_om\\_lempning\\_paa\\_billighetsgrunnlag\\_endelig\\_versjon.pdf](http://www.skatteetaten.no/contentassets/ae39b0e1cb474b9bbd703cef27233289/081219_rev_av_melding_om_lempning_paa_billighetsgrunnlag_endelig_versjon.pdf)
- Sosialdepartementet (1980). *Lov om sosial omsorg av 5. juni 1964: de enkelte paragrafer med merknader*. Oslo: Sosialdepartementet.
- Sosial- og helsedepartementet (2002). «*St. meld.nr.13. Samordning av Aetat, trygdeetaten og sosialtjenesten. Tilråding fra Sosialdepartementet av 13 desember 2002, godkjent i statsråd same dag*». Tilgjengelig fra:

[www.regjeringen.no/contentassets/f3d4b2eb10a649c0b73a5707dab0adfe/no/pdfs/stm200220030014000dddpdfs.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/f3d4b2eb10a649c0b73a5707dab0adfe/no/pdfs/stm200220030014000dddpdfs.pdf) (lest 19.mai 2020).

Stigen, I. (2018). *Hvorfor politiske utvalg og komiteer under kommunestyret*. Tilgjengelig fra: [www.regjeringen.no/contentassets/b322c5fc5c444c16830f048b488cb831/notat-utvalg-og-komiteer-under-kommunestyret.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/b322c5fc5c444c16830f048b488cb831/notat-utvalg-og-komiteer-under-kommunestyret.pdf)

Teigen, Håkon. *Effektar av den smale distriktspolitikken*. Tilgjengelig fra: [www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/krd/rap/2003/0006/ddd/pdfv/177373-effektaravdensmaledistriktspolitikken.pdf](http://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/krd/rap/2003/0006/ddd/pdfv/177373-effektaravdensmaledistriktspolitikken.pdf)

Thorshaug, K., Valenta M. og Berit Berg (2009). *Bosetting av enslige voksne flyktninger*. NTNU Samfunnsforskning AS.

UiT Norges arktiske universitet. *Flyktningkonsulent*. Tilgjengelig fra: [uit.no/utdanning/yrker/yrke?p\\_document\\_id=302581](http://uit.no/utdanning/yrker/yrke?p_document_id=302581) (lest 104.06.2020).

## **Lover og forskrifter**

Arbeidsmiljøloven. Lov 2020-03-20-8 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv.

Barnevernloven. Lov 2018-06-22-83 fra 01.11.2019, LOV-2019-06-21-30 om barneverntjenester.

Introduksjonsloven. Lov 2020-04-24-35 fra 01.09.2003, 01.09.2004 om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere.

Kommuneloven. Lov 1992-09-25-107 om kommuner og fylkeskommuner.

Kommuneloven. Lov 2018-06-22-83 om kommuner og fylkeskommuner.

Likestillingsloven. Lov 1978-06-09-45 om likestilling mellom kjønnene.

Plan- og bygningsloven LOV-2008-06-27-71, Lov om planlegging og byggesaksbehandling.

Plan- og bygningslov LOV-1985-06-14-77, Plan- og bygningsloven.

Byggesaksforskriften Forskrift 26. mars 2010 nr. 488 om byggesak.

Forskrift om kontrollutvalg i kommuner/fylkeskommuner. Forskrift 15. juni 2004 nr.905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner.

Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler. Forskrift 23. mai 2018 nr. 747 om Kommunal- og moderniseringsdepartementets distrikt- og regionalpolitiske tilskuddsposter forvaltet av fylkeskommunene.

Forskrift om offentlege arkiv. Forskrift 11. desember 1998 nr. 1193 om offentlege arkiv.

## **Norges offentlige utredninger**

NOU 1974: 60. (1974). *Ansattes medbestemmelse i offentlig virksomhet.*

NOU 1984: 21-A. (1984). *Statlig næringsstøtte i distriktene.*

NOU 1995: 15 (1995). *Et apparat for likestilling.*

NOU 2016: 16 (2016). *Ny barnevernslov – Sikring av barnets rett til omsorg og beskyttelse.*

## **Odelstinget**

Ot.prp. nr. 68 (1990-1991). *Om lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd.*

Ot.prp. nr. 44 (1991-1992). *Om lov om barnevernstjenester (barnevernloven).*

Innst. O. nr. 130 (2004-2005). *Instilling fra finanskomiteen om lov om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven).*

Ot.ptp. nr. 95 (2005-2006). *Om lov om endringer i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (interkommunalt samarbeid).*



[www.ikah.no](http://www.ikah.no)  
Kalfarveien 82, 5022 Bergen  
telf.: 55 30 60 90  
e-post: [post@ikah.no](mailto:post@ikah.no)  
[facebook.com/ikahordaland](https://facebook.com/ikahordaland)  
Instagram: [@ikahordaland](https://instagram.com/ikahordaland)

